



Norges Vassdrags- Og Energidirektorat (nve)
Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo

Dykkar ref.	Vår ref.	Arkiv:	Dato
	24/927-5 /ELITVE/24/14101	FA-S19, TI-&13	26.04.2024

Uttale til søknad om redusert minste slukeevne for Øyrabekken kraftverk

Utval for samfunn, plan og næring har i møte 24.04.2024 09:00 fatta følgjande vedtak i sak 027/24:

Ullensvang kommune rår ifrå at Noregs vassdrags- og energidirektorat gjev Småkraft AS løyve til å redusera minste slukeevne for Øyrabekken kraftverk, med bakgrunn i omsynet til fisk og landskapet.

Helsing

Elisabeth P. Tveit
rådgjevar

Dokumentet er godkjend elektronisk og har difor ikkje signatur.

Ring oss

Telefon: 53 65 40 00
Sentralbord: 09.00 – 15.00
Org.nr 920 500 633

Kontakt oss

Opheimsgata 31
5750 Odda
postmottak@ullensvang.kommune.no

Besøk oss

Besøk innbyggjartorga i
Jondal, Odda og Kinsarvik
www.ullensvang.kommune.no

SAKSGANG

Utval	Møtedato	Saksnr. i utval
Utval for samfunn, plan og næring	24.04.2024	027/24

Saksbehandlar:	Arkivsak – dok.nr	24/927 – 4
Elisabeth P. Tveit	Journalpostnr.	24/11699

Uttale til søknad om redusert minste slukeevne for Øyrabekken kraftverk

Vedlegg	
11.04.2024	Høyring av søknad om redusert minste slukeevne for Øyrabekken kraftverk, Ullensvang kommune
11.04.2024	Høyring av søknad om redusert minste slukeevne for Øyrabekken kraftverk
11.04.2024	Søknad om redusert minste slukeevne Øyrabekken kraftverk
11.04.2024	Svar på spørsmål om utsett frist på uttale til søknad om redusert minste slukeevne for Øyrabekken i Ullensvang kommune
11.04.2024	Løyve frå NVE til utbygging av Øyrabekken kraftverk
17.04.2024	Bakgrunn for konsesjonsvedtak frå NVE

Saka blir avgjort av:

Utval for samfunn, plan og næring

Tilråding frå rådmannen:

Ullensvang kommune rår ifrå at Noregs vassdrags- og energidirektorat gjev Småkraft AS løyve til å redusera minste slukeevne for Øyrabekken kraftverk, med bakgrunn i omsynet til fisk og landskapet.

24.04.2024 Utval for samfunn, plan og næring

Behandling

Røysting:

Tilrådinga frå rådmannen vart vedteke med 11 mot 2 røyster (l. S. Vestrheim og E.Eide Brattabø)

USPN – 027/24 Vedtak

Ullensvang kommune rår ifrå at Noregs vassdrags- og energidirektorat gjev Småkraft AS løyve til å redusera minste slukeevne for Øyrabekken kraftverk, med bakgrunn i omsynet til fisk og landskapet.

Saksopplysningar:

NVE ber Ullensvang kommune om uttale til søknad om redusert minste slukeevne for Øyrabekken kraftverk. Ullensvang kommune har frist for uttale 26.04.2024.

NVE gav Småkraft AS konsesjon 01.07.2005 til bygging av Øyrabekken kraftverk. Kraftverket høyrde til Kvinnherad kommune, og vart ein del av Jondal kommune i 2013. NVE gav vilkår om minstevassføring frå inntaket på minst 60 l/s 01.06–30.09 og minst 30 l/s 01.10–31.05.


Småkraft AS søker om å redusera minste slukeevne frå 100 l/s til 25 l/s, for å betra utnyttinga av vassressursen i eit allereie etablert anlegg. Endringa vil ikkje medføra tekniske inngrep, endringa vil bli gjort i kontrollanlegget til kraftverket. Ved å endra minste slukeevne vil kraftverket få ein auka produksjon frå 7,29 GWh/år til 7,43 GWh/år.

Endring av minste slukeevne frå 100 l/s til 25 l/s vil føra til fleire dagar det berre er minstevassføring i elva. Småkraft AS har rekna ut at antal dagar med mindre enn lavaste slukeevne i tillegg til minstevassføring vil bli redusert frå 180 til 126 døgn for eit tørt år, frå 162 til 92 døgn for eit middels år, og frå 64 til 17 døgn for eit vått år. I eit middels år vil ein få 70 fleire døgn med drift av kraftverket.

Vurdering:


I eit søk i databasen vann-nett.no finn ein at vassførekomsten "046-35-R Øyrebekken nedstrøms inntak Øyrabekken kraftverk" har god økologisk tilstand. Rådmannen meiner det er for lite utgreidd i søknaden frå Småkraft korleis mindre vatn i elva vil påverka det økologiske miljøet i og rundt elva.

Ved eit søk i artsdatabanken 03.04.2024 finn ein at det er registrert Skorpefiltlav (raudlisteart, nær truga) eit lite stykke frå Øyrabekken.



Utklipp frå artsdatabanken:

Ved eit søk i kartet til naturbase 03.04.2024 er det registrert rik edellauvskog i området.



Utklipp frå naturbase:

Rådmannen meiner at dei omsøkte endringane vil gje ein betydeleg reduksjon av

vassføringa i Øyrabekken, og fryktar at konsekvensane for landskap, natur og friluftsliv, som er viktige område i regionalt perspektiv, vil vera negative.

Samandrag konklusjon:

Rådmannen rår ifrå at NVE gjev løyve til Småkraft AS sine endringar for minste slukeevne i Øyrabekken kraftverk.